

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 1

Arna Januar 1972

5. årgang

Ei tilsulka alka

Nyss opna dei i radio ein ny serie. Lydarane skulle få ordet. Me veit avisene har noko slikt i spaltene sine. Lesarane får sleppa til stundom med meiningane sine. Og mangt og mykje kan me finna der av forvitnelege ting. So fekk me då høyra liknande innslag i radio med. Eg fekk høve til å fylgja med då. Det eg minnest er mannen frå Mandal som fortalde om alka han fann i munningi av Mandalselvi. Hjelpelaus var ho der ho låg i oljesølet med fjørene sine klistra ihop og struttande til alle kantar. Ikkje kunne ho fyka ikkje dukka. Ho berre baska seg redd endå fastare i skit og lort. Men mannen klarde fanga henne, tok henne mildt i hendene sine og berga henne. Han fekk seg rett nok eit hakk av kvasse nebben hennar med det same, men sidan fann ho seg vel tilrettes i armane hans.

Medan han stelte fint med fuglen kom han til å tenkja på seg sjølv og sin eigen lagnad. I grunnen var han sjølv mykje lik denne hjelpelausa havfuglen. Tilsluka var han med — det visste han vel og heile Mandal med. Han kjende det altfor vel utan eit ord var sagt. Det var for han ein tung lagnad og voni hans var: Snart er tidi mi omme, eg vil helsa dagen då dei gøymer meg i moldi. Ingen har nokon sinne retta hendene sine ut for å hjelpa meg. Og so kjenner eg andre med i byen det er like

eins med. Kvifor er det slik imillom menneski på jordi? Denne soga skal vera til andakt for kyrkjelyden no i det nye året. Me vil minnast den miskunnsame samaritanen sine ord: Sæle dei miskunnsame — dei skal få miskunn.

Til ein rett andakt høyrer song: Eg vil ta ein med av Edin Holme, som er lett å syngja for du kan nytta tonen: Naglet til et kors på jorden. Songen finn du i songboki nr. 431 men eg skriv han av til deg.

*Følg meg synder. Tiden rinner,
slipp hva enn i dag deg binder.
glem hva enn det ligger bak.
Følg meg gjennom stridens luer,
uten frykt om døden truer.
Jeg er sterk om du er svak.*

*Det er tunge mørke tider.
Verden synder, verden lider.
Skal den i sin nød forgå?
Bær dens byrder, leg den vunder.
Så din sæd i alle stunder.
Elsk og værn de spede strå.*

*Legg deg selv i mine hender.
Veien, målet — alt jeg kjenner.
Følg meg villig, følg meg fritt.
Frykt ei ofrets bitre skåler.
Kronen over korset stråler,
gi meg alt og alt er ditt.*

Godt nyttår!

The Belmont Hymn

Norsk omsetjing av Eirik Skjerve.

*Kom, lat oss bøya kne for Gud
og auðmjukt venda om.
Han nådig opna vil sin famn
og gje kvar syndar rom.*

*Hans røyst kan bjoda tora slå
og stilla stormfullt hav.*

*Hans hand kan gjeva harde slag,
og turka tåra av.*

*Her råder sorg og myrke natt.
Men snart skal dagen gry,
då Herren vår skal koma att
med herlegdom i sky.*

*Og er vår trå å kjenna Gud,
me skal Han sjå ein gong.
Som morgonsol Hans åsyn er,
Hans røyst som om av song.*

*Som doggi nører kløkke strå
og regn den turre jord,
som blomeduft gjev hugen kveik,
oss huggar Herrens ord.*

*Han tendra vil eit ævleg ljøs,
og signa kvar ei jel.
All sut og sorg Han jagar bort,
og Herrens lyd er sæl.*

Tankar om Aksjon Ansvar:

Tidi er verdfull!

Vi moderne menneske er stendig vande med å leva etter eit tidsskjema. Vi deler inn dagen etter buss-tider, frukostpauser, dagsnytt og TV-program. Vi bur i hus med klokker i kvart rom og har ei kjensle av hjelpeløyse om armbandsuret er hjå urmakarne til reparasjon. Det var ein som sa det so: «Same kva den høgge handi hittar på å gjera, so ber vinstre handi eit ur som syner kor lang tid det tek å gjera det.»

Paulus skriv i Efesarbrevet: «Sjå difor til korleis de kann ferdast varlegt, ikkje som uvise, men som vise, so de kjøper den laglege tidi; for dagane er vonde!»

Dette er ei oppmoding som vi travle, moderne menneske har grunnlag for å skjønna. Vi er så tidsmedvitne, at det titt blir mest påfreistande. Frå vi er barn, får vi høyre kor viktig det er å nytte tida, og mange er så hektisk opptekne av å nytte tida at vi mest ikkje gir oss tid til å leva.

Difor er tidi og blitt noko av eit problem for oss. Korleis kan vi løysa det? Den kristne hushaldar-tanken gir eit utgangspunkt: Tidi er noko av det Gud gir oss. Difor er den for verdfull til at vi skal sløse ho bort eller «slå i hei» ho. Og difor er tidi og noko som vi ikkje skal rå over etter våre eigne innfall, men noko vi skal forvalte på ein føremålstenleg måte.

For ein kristen hushaldar er det ikkje berre om å gjera å sette mest mogeleg av fritida til kyrkjelydsarbeid, misjonsinnsats og personleg oppbygging, sjølv om vi i høgste grad treng ei ansvarsvekkjing her og. Rette hushaldarar blir vi likevel fyrst når vi ser at både arbeidstidi og fritidi, slitsame økter og kvilepauser, er deler av den tida vi har fått, den vi skal nytte til teneste for medmenneska våre i Jesu navn.

Terminus Hall den 17/12 1971

Denne samkoma i kveld skulle liksom markera slutten på den unge Arna kommune. Det er ikkje så mange år sidan Arna var ein lut av Haus. Denne kommunen hører no og berre soga til. Ein heil del av oss som er samla her, kjenner seg på ein måte knytte til både Haus og Arna. Det er naturleg ved eit slikt høve å sjå litt attende på det som var.

I 1791 var det berre 6 lærarar i den store Haus kommune. Då var Bruvik og Stamnes og med. Me kan så samanlikna talet med lærarar berre i Arna i dag.

Kan du sjå for deg den gamle omgangs-skulelæraren der han traskar frå gard til gard, og frå grend til grend. Skulestova var daglegstova på garden. Ofte var han lite velkomen til tuns og. Dei økonomiske problema for lærarane var ikkje mindre. Løna var 10 skilling for året frå kvar gardbrukar, og det var nok ikkje alle som var villige å betala det heller. Lærarane sine kunnskapar kunne det nok vera så som så med. Biskop Arendts skreiv etter ein visitas i Haus at «Klokkeren duger ikke hverken til at sjunge eller katekisere. Han er en skikkelig mand, men mangler gaver.» Men mange av desse lærarane gjorde eit stort pionerarbeid i bygdene våre for opplysning og kulturell framgang. Ingen har vel reist eit vakrere ettermæle over den gamle omgangsskulelæraren enn Bjørnstjerne Bjørnson i Baard skolemester.

Det har nok endra seg mykje sidan den tid, både på den eine og den andre måten. Tenk berre på dei store moderne skulehusa i Arna, den utvida skuletida og dei mange utdanningstilbod ungdomen får i dag. Og lærarutdanning då! Det minkar stygt på «dei halvstuderte røvarane», som det ein gong vart uttala. No finst det akademik-

arar på alle trinn i skuleverket vårt. Ja, lærdomen har vorten stor, og kunnskapane femner vidt. Likevel kunne lektor Trygve Bull seia på Vestlandske lærarstemna i haust, dersom eg ikkje hørde altfor skeivt, at studentane kunne korkje lesa eller skriva norsk. Ja, det var no dette problemet dei streva med i gamle dagar og. Er det slik å forstå at me er på retur, på vegen attende til det som ein gong var? Rousseau ville at folka skulle venda attende til naturen, og det må vel vera det same som det primitive. Tenk berre på dansen og musikken som me vel med urette kallar moderne. Og sjå så desse langhåra og skjegg-glade ungdomane. Dei minner oss om ei tid då saks og kam og såpe var ukjende ting.

Ein annan ting har eg og festa meg ved. Det er noko dei kallar for opne skular. Skulle ikkje dette vera nokolunde i same leid som det me før kalla samla skule?

Men då er me no komne attende til der me byrja, og så er ringen slutta. Det neste vert kanskje omgangsskule, skulen ut til folket. Du skal berre sjå at den tida kjem att då lærarane dreg ikring frå gard til gard i knebukse, stutt-trøye og topphue, og med skreppa på rygg. Det har no vorte så moderne no med desse gamle draktene. Ja, ja, lukke til, lærarar!

Til alt dette har me berre att å nemna «Bjørkefuten». Høyr kva råd biskop Plade gjev foreldra: «Tag din søn og datter og led dem til degnen. Ville de ikke, så slå dem dertil med riset. Det er bedre det enn bøddelen skulle slå dem.» Skal tru kva Tove Phil ville seia til dette?

Ivar Aasen var ein vidsynt og mykje klok mann, og han seier det slik: «Det gjeng no so at og fram som fyrr det heve gjenge. Det

heng millom æra og skam som fyrr det heve hengje».

Men tilbake til alvoret. Godviljen for skulen synest å vera av gammal dato i bygdenes våre. Biskop Pavels seier i dagboka si frå 1818 at bøndene vantar syn for skule. Serleg misnøgde er han med Sund, Hamre og Hosanger. Dei einaste som får vellæte for godvilje mot skulen, er Haus og Mang-er. Og denne godviljen frå dei styrande si side har halde fram like til våre dagar. Og det er mi røynsle gjennom mest 30 års teneste i Haus, og seinare i Arna, at dei styrande har vore gode arbeidsgjevarar for oss som hadde vår teneste i skulen.

Når me no om nokre dagar skal ta avskjed med Arna som sjølvstendig kommune, er det sikkert mange av oss som med vemod tenkjer attende på det som var. Mykje vil sikkert verta oppnorleis i tida som kjem. Eg vil i alle høve ynskja skule og skulen sine menn lukke til vidare!

Eg har vakse opp i ei tid då mykje var onnorleis enn no. For eit halvt århundre sidan tok eg til med mi lærargjerning. I den første tida var det samla skule, og til dels omgangsskule. Og eg slutta som lærar i ein fulldelt skule i eit nytt fint skulehus. Hjelpemidlane i første tida var fåe, men likevel får eg vel vona at eg fekk vera med og bera ein stein til det store sams byggverk, det som de no skal byggja vidare på.

Til slutt ei hjarteleg takk til skulestyret og skuleadministrasjonen for godt samar-

I min forretning
 finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

Kleiveland
 URMAKAR

5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

beid gjennom dei mange år. Og ikkje minst ei hjarteleg takk for det hyggelege samværet de gav oss her i kveld.

Og så: God jul og godt nytt år i ein ny kommune!

O. H.

Ved Knut Tunes bære, Indre Arna kyrkje 10.—12. 1971

Knut Tunes var medhjelpar i Haus kyrkje over ein manns alder. Og han var gjennom fleire mannsaldrar eit samband over Sørfjorden som delte Hausasoknet.

Meir enn mange vil tru er det godt for presten å ha ein medhjelpar som ven, ein å sjå opp til, ein å tøyge seg etter.

Knut Tunes var slutta som medhjelpar då eg kom. Men han var mest alltid på plass i kyrkja, venleg, romsleg, skynsam, staut. Dei som kjende han i hans velmaktsdagar, segjer han var ein høvding alle truande her omkring såg opp til.

Haus sokneråd og Haus kyrkjelyd vil med denne kransen syne vyrndnad for han og takke for hans trugne teneste.

Eg lyser fred over hans oppbyggelege minne.

Magnus Hauge, sokneprest

Utnemning

Harald Hope vart i statsråd 7/1 1972 utnemnd til sokneprest i Finnås. Og kjem truleg til å fara frå Arna utpå våren ein gong. Han flytter inn i gamal ærverdig prestegard i nærleiken av «Siggjo» og på prestegarden er der ei kjelda som dei segjer har gjeve helsebot for mange. Han vert soleis buande i Moster sokn der landet si eldste kyrkja stend. Eg vil tru Hope kjem til å trivast på slik sogemark, og bruka si nåde gáva til glede og oppbyggjing for alle bøm-lingar. Kyrkjelydsbladet for Arna helsar: Tillukka.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

- 5.12. Laila, foreldre: Arne Midtun og Inger Johanne f. Haukeland (i Arland kyrkje.)
- 11.12. Liv Sissel Liland, for.: Otto Magne Moberg og Karen Bente f. Liland.
- 11.12. Monica, for.: Arnold Kalsaas og Else f. Siglevik.
- 11.12. Ronny for.: Johannes Birger Torvund og Helga Lovise f. Tufta.
- 11.12. Kenneth Andre, for.: Karl Leif Hal-land og Wivie Margrethe f. Langenes. Knut, for.: Torgeir Eidsnes og Brita Signe f. Trefall.
- 11.12. Kjell Arild, for.: Knut Torbjørn Aas-en og Anny Aslaug f. Skulstad.
- 19.12. Alf Rune, for.: Jan Rude Bjørke og Sidsel f. Hopsdal.
- 24.12. Johnny Arild, for.: Jan Helge Kross-øy og Aud Inger f. Berg (i Austrheim kyrkja).

VIGDE:

- 11.12. Roald Magnar Kjerrgård og Aslaug Torhild Romslo.
- 30.12. Svein Arild Aase og Jorunn Andersen
- 15.1. Atle Sjursæter og Marit Lilløy.
- 15.1. Erling Garnes og Gerd Karin Haug (i Arland kyrkje).

AVLIDNE:

- 4.12. Kärenkjemann, medhjelpar Knut Andreas Thunes f. 1878.
- 12.12. gbr.enkja Ingeborg Johanna Borge f. 1895.
- 27.12. tenar h.v. Berta Hartveit f. 1895.

DØYPTE I YTRE ARNA:

- 8.8. Kjersti, foreldre: Normann Hunsha-mar og Hanne Irene f. Storøy.
- 20.6. Gunnar, for.: Jan Gunnar Stamnes-hagen og Rigmor f. Løseth.

- 17.10. Ketil, for.: Jan Ove Vevle og Ingunn f. Lauvskar, I. Arna.
- 14.11. Roger, for.: Alf Martin Olsen og Britt Sigrid f. Mikkelsen.
- 11.12. Monica, for.: Arnold Kalsås og Else f. Siglevik
- 12.12. Hilde, for.: Kjell Steinestø og Inger Johanne f. Otterstad.
- 12.12. Inger Lise, for.: Egil Solheim og Åse Inger f. Askeland.
- 24.12. Bjarte, for.: Inge Olsen og Kari f. Mjelde.
- 24.12. Bjørn Eirik, for.: Reidar Loftås og Hjørdis Marie f. Haugan.
- 24.12. Odd Inge, for.: Jarle Jordalen og In-ger Margrethe f. Hansen.

VIGDE:

- 30.11. Einar Magne Kleppe og Astrid Mar-grethe Endresen.
- 11.12. Svein Åge Nestbø og Berit Presttun.

AVLIDNE:

- 29.10. pensjonist Karl Olai Kvamme f. 1901
- 12.11. pensjonist Arnfred Martin Mjelde f. 1897.
- 23.11. pensjonist Anton Martin Wiik f. 1889.
- 5.12. husmor Astrid Bergljot Vevle f. 1906.
- 20.12. tidl. murar Edvard Nic. Kvamme f. 1895.
- 6.12. barn Kenneth Lie f. 1971 (i Asane).
- 27.12. pensjonist Johanna Flatøy f. 1892.
- 4.1. pensjonist Alfred Hansen Småland f. 1879.
- 4.1. pensjonist Jetta Odea Assersen f. 1884.

Vakre blommar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 240401, Garnes

og utsal, Espeland Tlf. 241727

Barnebøker

Kåseri på møte i Langedalen Husmorlag
7. desember 1971

Borna er ikkje store før dei tek til å få interesse for bøker, og så lurar dei til seg lærebøkene til syskena eller kokeboka til mor og tek til å bla. Bøker er morosame leiker anten dei står rett eller på hovudet, og gjev og utløyning for den trongen til å gjera noko, som finst i alle normale born. — Først riv dei kanskje ut nokre blad. Så får dei auga på bileta og vert nyfikne. «Mamma! Kva heiter den guten? og Kva gjer den hunden?» Så må mamma fortelje, og med det tek boka sitt rom i livet til barnet. Barnerim og voggelieder med klare heimslege bilete, med rim og rytme og glede er elles barnet sitt først møte med litteraturen. «Sko hesten, sko hesten med hammar og tong, i morgon skal han i brudegong», song mora når skorne skulle på Stundom laut det song til når barnet skulle få seg mat: «Ola og Kari, dei var eit par folk. Dei hadde inga gryte, men kokte i ein holk. Holken var rusta og suppa rann ned, så hadde dei ikkje no å metta seg med.» Og så kom det voggelieder: «Byssam, byssam barnet. Gryta heng i jarnet. kokar full av rjomegraut åt det vesle barnet. Eller kanskje brukar dei no Prøyssens stripteasevise — om kråka som skal ut å danse. Frå 2-årsalderen og oppover vil barnet gjerne ha biletbøker med klare fargar og bilete av kjende ting eller hendingar, og meir samansette hendingar.

Det er mogleg å setje opp tolleg almenne reglar for kva bøker som høver best på dei ulike alderssteg — også kva borna helst vil lesa — eller få lese for seg.

I føreskulealderen: Enkle biletbøker, reg-

ler rim, barnesongar, ramse-eventyr, og enkle forteljingar om born og dyr.

6-8 år biletbøker, eventyr, forteljingar om born og dyr.

8-10 år *Gutar*. Interesse for eventyr dalar, istaden vil dei ha enkle gutebøker med spanande handling, som indianar, vilmarsk og flygehistorier.

8-10 år *Jenter*. Eventyr, soger om born, dyr og blommar serleg om småjenter — rett så store som du. Pippi Langstrømpe eit ideal — den friaste, sterkaste, rikaste, styggaste jenta, av alle. Opprør or dagdraumen.)

10-12 år *Gutar*. Realistiske soger med spanande innhald, sport, ferie og skuleliv.

10-12 år *Jenter*. Bøker om jenter, helst om skjelmestykke og «opprør» på skulen og heime. Gutebøker. Somme får alt i denne alderen smak på vaksne bøker, serleg «ungpikebøker» — klissebøker. Både jenter og gutar vil gjerne ha «Lag det sjølv» bøker.

12-14 år *Gutar*. Gutebøker med samansett handling, Historiskeforteljingar, ferdaskildringar, fagbøker om, teknikk, hobbyar, frimerke, sport osv. Dyreforteljingar, detektivromanar og kiosklitteratur elles. Ein kan tidt merke visse faginteresser.

12-14 år *Jenter*. Ungpikebøker (klissebøker) gutebøker, historiske forteljingar, biografier, og forteljande og enkle vaksne bøker, ferdaskildringar og handarbeidsbøker. Men først og fremst les dei truleg kjærleikssogene i den kulørte pressa.

Men både gutar og jenter har då dei siste 4-5 år sine slukt veldige mengder av teikneseriar. Før borna tek fatt på dei vaksne sine bøker er dei ferdige med den viktigaste

voksterbolken i heile sitt liv. Har dei i denne tida fått bøker som høvde, bøker som gav næring til fantastilivet, utsyn til livet og omverda, og råstoff til leik og helsesam dagdraum? Dei fleste foreldre tenkjer vel lite på slikt. Heller ikkje veit vi så visst kor stor innverknad bøkene har på borna. Når borna tek til å lesa, har dei alt fått fastlagde dei viktigaste grunndrag i karakterene, så truleg kan bøkene berre styrkja eller svekkja karakterdrag som alt er der. Det vert klaga mykje på born og unge no, som vanleg har vore. Dei ferraste tenkjer vel på at i tiåra etter krigen budde 1/3 av folket i Noreg i overfolka husvære, og etterpå fekk vi den veldige folkeflyttinga inn til byar og tettstader som gjorde tilværet for borna enno meir vanskeleg. Skal born få utvikla seg naturleg må dei kjenna seg trygge i heimen, at dei er godtekne og velsette. Dei må ha plass til å teikna og arbeida. Men svært mange av borna som veks opp no, har ikkje fått stetta desse rimelege krava. Først og fremst har det vel skorta på plass. Menneskesiloane og privatbilane er barnet sine verste fiendar.

Barnebøkene vert alltid eit slag spegelbilete av dei sosiale tilhøva barnet veks opp i. I bøkene må dei finna *att noko* dei kjenner frå sitt eige liv, elles fangar ikkje boka fordi ho vantar tilknytingsstoff. Når borna dei siste åra har slukt det mest utrulege — sadistiske bloddryppande teikneseriar, med stålmann og skytarar og haugar av lik og lovløyse, så kjem det av at vår vakne verd er så full av det same. Kringkasting, fjernsyn, film, aviser og daglegprat fyller barnehugen med nett slikt stoff, og gjev dei eit bilete av den vaksne verda som *må* feste seg, om det er aldri så skeivt og falskt.

Vi veit ikkje nok om barnesinnet til at vi utan vidare kan fordøme mange av desse røvarbøkene som folk flest trur er så ska-

delege. Mangt tyder på at for dei fleste born er dei berre eventyr borna har nemleg i rikt mon ei evne dei fleste vaksne diverre vantar, *nemleg evna til å skapa noko sjølv*. Jamvel ei ring bok er difor knapt serleg skadeleg for borna, avdi ho berre er råstoff til det intense omskapingsarbeidet som går for seg i barnefantasiaen. For der diktar barnet noko heilt nytt enn i boka. Men gode bøker gjev sjølvstekt betre byggjevyrke for barnefantasiaen enn skrapebøker. Det ser og ut til at borna ved å lesa bloddryppande røvarbøker, på ein måte kvittar seg med sin eigen aggresjonstrong, for sinne og opprørshug mot det det har opplevd av urett og kuing og liding. Det er kanskje bra, slik mange born veks opp no.

(Framhald neste nr.)

SPAREBANKEN — Banken for innskytarane

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkomen i banken**

HAUS SPAREBANK

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER
Bok og papirhandel
Indre Arna



Vår mann i Arna
Kåre Fyllingen

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning

Storebrand og Idun

Adresse: Stølv. 100 B
5260 INDRE ARNA

ALT I
GRAV-
MONUMENTER

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

Eg sel og stålrøyrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ frå Ferro Stålindustri

MAGNUS BØRGE

5233 Haukeland Telefon 40021

30/3 - J.A. Hope, T
Y.A. Tesdal.
31/3 - Gamle beinmer: Tesdal
Tr. eid. : Hope.

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad. La pengane gå direkte inn på konto i ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken kva kontotype som passar best. Pengane står alltid til disposisjon. Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.

Preikelista

3. s. e. Kr. opb. 23. januar:

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap.

Sundag septuagesima, 30. januar:

Arna: Lækjar Oddvar Mestad og k. Ingjerd Karin vert då vigsla til tenesta si i Kamerun for Det Norske Misjonsselskap.

Sundag sexagesima, 6. februar:

Arna: Res. kap., Ytre Arna: Soknepresten.

Fastelagssundag 13. februar:

Arna: Soknepresten.

1. s. i fasta, 20. februar:

Haugland: Soknepresten: (50 årsjub. for Haugland indremisjon).

2. s. i fasta, 27. februar:

Arna: Soknepresten. Trengereid: Res. kap.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,- for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —

5/3 - Tesd. Y.A. 12/3 - J.A. Tesd.
Hope. J.A. Y.A. Hop
19/3 - J.A. Hope.
Y.A. Tesd.
24/3 - J.A. Tesd. Y.A. Hope.